

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 120/97

2003/EØS/6/29

av 20. januar 1997

om endring av forordning (EØF) nr. 259/93 om overvåking og kontroll av avfallstransport innen, inn i og ut av Det europeiske fellesskap(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 130 S nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 259/93 av 1. februar 1993 om overvåking og kontroll av avfallstransport innen, inn i og ut av Det europeiske fellesskap⁽⁴⁾, særleg artikkel 16, og

ut frå desse synsmåtane:

Det europeiske fellesskapet har sidan 7. februar 1994 vore part i Basel-konvensjonen om kontroll av grensekryssande transport av og disponering av farleg avfall.

På den andre konferansen mellom partane i Basel-konvensjonen vart det gjort eit samrøystes vedtak (vedtak II/12) om straks å forby all eksport frå medlemsstatar i Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) av farleg avfall meint for disponering, til statar som ikkje er medlemmer av OECD, og om frå og med 1. januar 1998 å forby all eksport frå OECD-statar til statar som ikkje er medlemmer av OECD, av farleg avfall meint for resirkulering eller attvinning.

På den tredje konferansen mellom partane i Basel-konvensjonen vart det gjort eit samrøystes vedtak (vedtak III/1) om å endre konvensjonen slik at det vert forbode med all eksport av farleg avfall meint for disponering frå statar som er oppførde i vedlegg VII til konvensjonen, til statar som ikkje er oppførde i dette vedlegget, og om frå og med 1. januar 1998 å forby all eksport frå statar som er oppførde i vedlegg VII til konvensjonen, av farleg avfall som nemnt i artikkel 1 nr. 1 bokstav a) i konvensjonen, til statar som ikkje er oppførde i dette vedlegget.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 22 av 24.1.1997, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2002 av 31. mai 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 44 av 5.9.2002, s. 17.

⁽¹⁾ TEF nr. C 164 av 30.6.1995, s. 8.

⁽²⁾ TEF nr. C 18 av 22.1.1996, s. 18.

⁽³⁾ Europaparlamentsfråsegn av 16. januar 1996 (TEF nr. C 32 av 5.2.1996, s. 32), felles haldning frå Rådet av 28. mai 1996 (TEF nr. C 219 av 27.7.1996, s. 19) og europaparlamentsavgjerd av 18. september 1996 (TEF nr. C 320 av 28.10.1996, s. 75).

⁽⁴⁾ TEF nr. L 30 av 6.2.1993, s. 1. Forordninga endra ved kommisjonsvedtak 94/721/EF (TEF nr. L 288 av 9.11.1994, s. 36).

Definisjonane til Fellesskapet av farleg avfall svarar for augneblinken ikkje fullt ut til definisjonane i Basel-konvensjonen, og dette kan føre til at avfall som høyrer inn under eksportforbodet i Basel-konvensjonen, framleis kan verte eksportert frå Fellesskapet. Difor må definisjonane og listene til Fellesskapet tilpassast på dette området.

Det må innførast eit vedlegg V til forordning (EØF) nr. 259/93 som omfattar dei typane farleg avfall som eksportforbodet i Basel-konvensjonen gjeld for.

Kommisjonen bør innan 1. januar 1998 revidere og endre det førnemnde vedlegg V, slik at det fullt ut vert teke omsyn til avfall som er oppført i den lista over avfall som vart vedteken i samsvar med artikkel 1 nr. 4 i rådsdirektiv 91/689/EØF av 12. desember 1991 om farlig avfall⁽⁵⁾, og til alle andre lister over avfall som vert rekna som farleg i medhald av Basel-konvensjonen. Eksport av avfall som er oppført i det førnemnde vedlegg V og meint for attvinning, bortsett frå eksport til statar der OECD-vedtaket gjeld, bør vere forboden frå og med 1. januar 1998.

Det kan vere naudsynt med jamleg revisjon og endring av det førnemnde vedlegg V, slik at det speglar att semja mellom partane i Basel-konvensjonen om kva avfall som bør reknast som farleg i medhald av konvensjonen.

Partane vert oppmoda om å samarbeide og arbeide aktivt for å sikre at partane i Basel-konvensjonen gjennomfører vedtak II/12 og III/1 på ein effektiv måte.

Når det gjeld avfall meint for disponering, er all eksport av denne typen avfall til statar som ikkje er medlemmer av OECD, forboden i medhald av artikkel 14 i forordning (EØF) nr. 259/93. I medhald av artikkel 18 i den førnemnde forordninga er all eksport av avfall til ACP-statar forboden.

I si noverande form inneheld den førnemnde forordninga ingen føresegn om eit samla forbod mot eksport av farleg avfall meint for resirkulering eller attvinning til statar som ikkje er medlemmer av OECD.

Difor bør den førnemnde forordninga endrast —

⁽⁵⁾ TEF nr. L 377 av 31.12.1991, s. 20. Direktivet endra ved direktiv 94/31/EF (TEF nr. L 168 av 2.7.1994, s. 28).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Artikkel 16 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 259/93 skal lyde:

«1. All eksport av avfall til nyttiggjøring oppført i vedlegg V er forbudt, med unntak av eksport til:

- a) stater der OECD-vedtaket kommer til anvendelse,
- b) andre stater:
 - som er parter i Basel-konvensjonen og/eller som Fellesskapet eller Fellesskapet og dets medlemsstater har inngått bilaterale, multilaterale eller regionale avtaler eller ordninger med, i samsvar med artikkel 11 i Basel-konvensjonen og med nr. 2 i denne artikkel. All slik eksport skal imidlertid forbys fra og med 1. januar 1998,
 - som enkeltmedlemsstater har inngått bilaterale avtaler eller ordninger med før denne forordnings anvendelsesdato, i den grad de er forenlige med Fellesskapets regelverk og i samsvar med Basel-konvensjonens artikkel 11 og med nr. 2 i denne artikkel. Disse avtalene og ordningene skal meldes til Kommisjonen innen tre måneder fra denne forordnings anvendelsesdato, eller fra avtalenes eller ordningenes anvendelsesdato, avhengig av hvilken som er først, og utløper når avtaler og ordninger inngås i samsvar med første strekpunkt. All slik eksport skal imidlertid forbys fra og med 1. januar 1998.

I samsvar med framgangsmåten fastsatt i artikkel 18 i direktiv 75/442/EØF skal Kommisjonen snarest, og senest 1. januar 1998, revidere og endre vedlegg V til denne forordning, samtidig som det fullt ut tas hensyn til avfall oppført i den listen over avfall som ble vedtatt i samsvar med artikkel 1 nr. 4 i rådsdirektiv 91/689/EØF av 12. desember 1991 om farlig avfall(*), og i alle andre lister over avfall som betegnes som farlig i henhold til Basel-konvensjonen.

Når det er hensiktsmessig, skal vedlegg V revideres og endres på nytt etter samme framgangsmåte. Kommisjonen skal særlig revidere vedlegget med sikte på å gjennomføre de vedtak som er gjort av partene i Basel-konvensjonen med hensyn til hvilke typer avfall som bør betegnes som farlige i henhold til konvensjonen, og til de endringer i listen over avfall som er vedtatt i samsvar med artikkel 1 nr. 4 i direktiv 91/689/EØF.

(*) EFT nr. L 377 av 31.12.1991, s. 20. Direktivet endret ved direktiv 94/31/EF (EFT nr. L 168 av 2.7.1994, s. 28).»

Artikkel 2

I forordning (EØF) nr. 259/93 skal nytt vedlegg V lyde:

«*VEDLEGG V*

Avfall oppført i vedlegg III til denne forordning.

Avfall oppført i vedlegg IV til denne forordning.»

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 20. januar 1997.

For Rådet

J. VAN AARTSEN

Formann